

Avtale om utbetaling av bustøtte frå Husbanken til Sunnfjord kommune

Kva inneber denne avtalen for deg

Ved å underteikne denne avtalen samtykker du til at Husbanken utbetalar bustøtta di til Sunnfjord kommune. Når du får kommunal bustøtte, blir den gitt som eit frådrag på husleiga di. Den statlege bustøtta di frå Husbanken blir følgeleg utbetalt til kommunen, der den blir avrekna mot den kommunale bustøtta same månad.

Du får avrekning frå Sunnfjord kommune

Vi sender deg avrekningar som viser kor mykje du har fått i statleg bustøtte frå Husbanken, og kor mykje du får i støtte frå Sunnfjord kommune. Du får to avrekninga, ei halvvegs ut i vedtaksperioden, og ei etter at vedtaket er gått ut. Om du får meir i statleg bustøtte enn i støtte frå kommunen, vil kommunen betale ut restbeløpet til deg.

Avtalens varigheit

Avtalen opphøyrer når vedtaket om kommunal bustøtte er avslutta. Då vil den statlege bustøtta bli utbetalt til deg slik som før. Det er frivillig å inngå denne avtalen, og du kan kva tid som helst avbryte avtalen ved å trekkje samtykket ditt. Ver merksam på at ditt samtykke til at Husbanken utbetalar bustøtta di til Sunnfjord kommune, er ein føresetnad for å få kommunal bustøtte. Dersom du ikkje ønsker å inngå denne avtalen, eller trekkjer samtykket ditt i etterkant, har du ikkje lenger rett på kommunal bustøtte.

Du vil få vedtak frå Husbanken

Sjølv om den statlege bustøtta blir utbetalt til kommunen, vil du framleis motta vedtaka frå Husbanken. Du bør kontrollere at det er riktige opplysningar i vedtaket. Du har plikt til å melde frå til kommunen dersom det skjer endringar som kan ha betydning for berekninga av bustøtta.

Avtale

Sunnfjord kommune

og

Bustøttesøkars namn

Fødselsnummer (11 siffer)

inngår avtale om at bustøtte frå Husbanken heretter skal utbetalast til Sunnfjord kommune.

Får du meir i statleg bustøtte enn i kommunal bustøtte, skal Sunnfjord kommune utbetale restbeløpet til:

Søkars kontonummer (11 siffer)

Du samtykker til at kommunen kan utlevere opplysningar om avtalen til Husbanken, og at Husbanken kan lagre opplysningar om deg i bustøttesystemet.

Dato:

Søkars underskrift

Dato:

Kommunens underskrift

